
Vår referanse	2021/55166-3
Dato	09.12.2021
Sakshandsamar	Endre Korsøen
Telefon	917 64 632
Epost	endre.korsoen@vlfk.no

Alver kommune

5914 ISDALSTØ


Blom Fiskeoppdrett AS - Søknad om etablering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure ved Skjelanger i Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad motteke 03.12.2021 frå Blom Fiskeoppdrett AS om løyve til etablering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure ved Skjelanger i Alver kommune.

Søknaden gjeld etablering av ny lokalitet med maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 3900 tonn.

Det vert søkt om å få klarert areal for utlegging av ei rammefortøyning som er 500 meter lang og 200 meter brei. Samla overflate areal for merdsanlegget vil vera 100 dekar. Anlegget vil bestå av 10 merdar kvar med ein flytekrage som er 160 meter i omkrets. Det er søkt plassert ein forflåte i søraustre delen av anlegget.

Kartet under syner omsøkt plassering av installasjonane og arealplanen.



I kommuneplanen ligg omsøkt areal for plassering av merdanlegg, forflåte og delar av fortøyingane i område avsett til kombinert føremål med akvakultur FEFIKFR_1. Fortøyinga vil delvis gå inn i areal avsett til området for bruk og vern av sjø og vassdrag. Dette føremålet er ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur.

Som bakgrunn for søknaden oppgjev Blom Fiskeoppdrett mellom anna:

Lokalitet Skjelanger er kommet opp som en del av Blom fiskeoppdrett sine innspill til kommuneplanen i gamle Meland over mange år. Ved opprettelse av lokalitet på Skjelanger med omsøkt MTB på 3900 kan produksjonen ved lokalitetene Bøøy 11754 og Allersholmen 11756 legges ned. Dette er i tråd med vår handlingsplan (vedlagt) for bedre miljøforhold og kan føre til mindre grad av spredning av sykdom og lakselus.

Ettersom vi har god kapasitet på brønnbåt for avlusning er vi i posisjon til å unngå for høye lusetall og vi kan agere raskt dersom vi ser økende lusepress. I kombinasjon med sikrere metode for avlusning, kan også dette medvirke til at miljøforholdene i Manger og Radfjorden ikke forverres som følge av en nyetablering.

Blom fiskeoppdrett har i dag flere små lokaliteter, noe som er krevende når i forhold til drift og bekjempelse av sykdom og lus. For å bedre på situasjonen ønsker Blom å omstrukturere til færre, men større lokaliteter. En slik strategi gagnar Bloms drift og det er fordelaktig for regionen som består av svært mange lokaliteter og høyt lusepress. Ved å fjerne flere små lokaliteter kan man oppnå større avstander ettersom lokalitetene da ikke blir liggende som perler på en snor utover fjordsystemene. Fjerning av de to små lokalitetene nå som det samtidig jobbes med mulig omstrukturering av lokaliteter i forbindelse med interkommunal plan for Nordhordland, vil være positivt for planleggingen og kan føre til forbedring av miljø og havbruksforhold i dette området.

Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Offentleg utlysing og kommunal uttale

Vestland fylkeskommune ber om at Alver kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentlig ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentlig ettersyn og kommunen sin uttale, ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd.

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Blom Fiskeoppdrett AS

Saksgangen i søknader om klarering av akvakulturlokalitet:

